

Alver kommunes

Pb 4, 5018 Frekhaug / [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Merknad til Blom Fiskeoppdrett AS

Søknad om sammenslåing av lokalitet 11652 Kjepevikholmen og 10080 Laksevika, Alver kommune

Tilbake i 2015 påpeika eg forureining i overflata fra anlegget Kjepevikholmen- Dette er i dag eit større problem ved strandsona vår sidan flyttinga fann stad. Straummålingar viser tydelig retning og området straumen treff, synt på vedlegg 3 i søknaden – sidene 30, 38 og 95. Sjå òg vedlegg i e-post av foto tatt frå Eikelandskaien 16.11.21. e-post er merka ” fotovedlegg til søknad fra Blom-F.AS merknad”.

Slik - og verre – ser det ofte ut – og slik vil vi ikkje ha det.

Vi hadde rein sjø og etande fisk og krabbe i fjorden – og vi kunne nyte kveldsstilla på våre altaner – slik er det ikkje lenger. Markedsverdien på våre hus og strandsoner vert sterkt negativt råka, vår trivsel og rekreasjon ved sjøen vert råka -truleg i generasjonar. Størrelsen på omsøkt anlegg fører til forureining over eit langt større areal enn i dag, og vil drive kjapt inn i fjøresteinane våre – som film av feitt på yta og som tynn suppe av bleike fiskerestar. Fleire gonger må vi snu heimatt utan å få bade i vika - sommar som vinter! At 9 ringar i eit anlegg også fører til større både lys- og lydforureining enn eit anlegg med 3 ringar er innlysande.

Blom skriv i søknaden at flytting av Laksevika til Kjepevikholmen i ni ringar – 900 meter - er det einaste alternativet for vidare drift i Alver – kva med å ta i bruk ny teknologi utan utslepp til miljøet? I sin heimkommune investerer Blom for å ta oppdrettsproduksjonen på land, så vil Alver ha næring som øydelegg naturen? Vil Alver tillate ein aktør å forureine Herdlefjorden til raudt nivå? I Nh-avis les vi 20.11.21, side 10 og 11, om berekraftig oppdrett i ein nabokommune der eigar seier han håpar å bidra til levande bygder og tilflytting, og på side 7 om ein forskar som meiner næringslivet må leie an i det grønne skiftet – ikkje ha skylappar og byggje ned naturen.

Alver kommune bør også tenkje på at det er forbode å drive med forureining – og sjå til nabokommunar som vil ha all flytting/nyetablering av oppdrett i ein terskelfjord i lukka anlegg/landbasert og som vil tilby fjordareal til selskap med utsleppsfrie oppdrettsanlegg. Herdlefjorden er ein terskelfjord der terskelen bremsar utskifting av bunnvann, stor tilførsel av av fiskeskit i slike fjordsystem

kan gje lågt oksygenivå = dårlig vannkvalitet. Når vannkvalitet vert svekka av menneskeleg aktivitet som m.a oppdrett, bryt ein forureiningslova og EU's vanddirektiv.

Figur 3 i søknadsbrevet syner at 5 ringar vil verte plasserte rett ut for området avsett til natur, og det uroar oss at Blom Fiskeoppdrett AS ber om snarleg behandling - trass manglande rapport over lokaliteten? Vert denne lagt ut til offentlig gjennomsyn med ny frist for merknader?

Like lite som folket i Dalemarka og på Holme ville ha oppdrett utanfor stoveglaset sitt – like lite vil vi på Eikeland ha tredobla anlegg utanfor våre stoveglas.

Samfunnsplanen til Alver har denne framtidvisjonen: "vi vil at det skal vere attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune – og ha vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter". Sitat fra Nh-avis 13.11.21, side 10.

Denne utvidinga Blom Fiskeoppdrett AS søker om vil "rasere" framtidvisjonen for ei heil grend – til ein kostnad deretter, som Alver kommune direkte påfører folket på Eikeland.

Vi vil ikkje ha omsøkte samanslåing.

Eikeland, 2021-11-20

AnneLise Vetås Eikeland

342/88

Oddvar Eikeland

342/1 og 342/88

Harald Eikeland

342/3